

Leder Palestinske fanger

Lønn til drapsmenn

Det er uakseptabelt at palestinske myndigheter lønner regulære drapsmenn mens de sitter i fengsel.

Målt per innbygger er det ingen som mottar så mye bistand fra Norge som de palestinske myndighetene. Norge har hatt et nært og tillitsfullt forhold til Palestina i mange år, og Norge leder den såkalte «giverlandsgruppen» for Palestina. I fjor ga Norge rundt 600 millioner kroner til palestinske myndigheter.

Hvert år bruker palestinske myndigheter mer enn 2,5 milliarder kroner på å betale lønn til fanger i israelske fengsler. Men de betaler også ut penger, en form for etterlattepensjon, til familier til «martyrer». Altså til både regulære palestinske soldater og politifolk som har blitt drept i tjeneste, men også til familiene til selvmordsbombere og terrorister som har drept israelske sivile.

Aftenbladet kunne fredag fortelle om familien til 17 år gamle Mohammed Nasser Taray-

Norge må fortsette å presse palestinske myndigheter

reh, bosatt på den israelsk-okkuperte Vestbredden. 17-åringen knivstakk i juni 2016 en 13 år gammel jente i en ulovlig israelsk bosetting, slik at hun døde av skadene, før han

selv ble skutt og drept. Familien hans mottar ca 350 dollar per måned fra «martyrfondet».

Utenriksminister Børge Brende (H) har understreket at Norge tar avstand fra slike utbetalinger, og at han har fått forsikringer fra den palestinske presidenten Mohammed Abbas om at norske bistandsmidler ikke blir brukt til «martyrfondet», men denne forsikringen er langt på vei meningsløs. Penger er penger, og dersom den norske støtten brukes til andre ting, frigjør den likevel midler som kan brukes nettopp til å lønne drapsmenn og deres familier.

Vi erkjenner at denne saken ikke er enkel. Det er legitimt å lønne fanger og utbetale pensjoner. Dette er regelen, snarere enn unntaket, i krigssituasjoner. Og den israelske okkupasjonen og de mange ulovlige bosettingene medfører at palestinske myndigheter befinner seg i en permanent unntakstilstand.

Det er uakseptabelt at Abbas forsvarer utbetalinger til etterlatte etter selvmordsaksjoner. I tillegg til at det selvsagt er moralsk forkastelig, kan de til dels høye utbetalingene til etterlatte fungere som en begrunnelse for å ofre livet i slike aksjoner. Norge må holde presset oppe.

Samtidig må Israel og landets mange norske støttespillere erkjenne at okkupasjonen og undertrykkelsen av den palestinske befolkningen er den bakenforliggende årsaken til voldsspiralen.



PITTER

Seks av ti bileiere vet ikke hvordan de finner godkjente bilverksteder. skriver VG. Langt flere vet om hvem som driver svart.

Gjestekommentar

Uaktuell rapport

At OD sin ressursrapport ser bort fra oljepris og klimapolitikk gjer han mindre relevant.



Klaus Mohn
Professor, Handels-
høgskolen ved UIS

På torsdag la Oljedirektoratet (OD) fram den årlege Ressursrapporten. Her var det mykje mat for ein fullsett sal av olje-Monsar i Måltidets hus. 47 milliardar oljefat ligg fortsatt og ventar i bakken - på oppdaging, utbygging og utvinning. Større mengder står att enn dei som allereie er utvunne og fortært.

Det er kake igjen

Ikkje nok med at tallerkenen av ressursar fortsatt er meir enn halvfull. Til dessert finst det enno mykje meir, om ein skal tru OD sine analyser. Ressursrapporten 2017 peikar nemleg på eit stort tilleggspotensial i meir kompliserte olje- og gassfunn, der ny teknologi må til for at utvinninga skal bli rekningsvarende.

Kvart eit fat i ressursrekneskapen er forventa å bli produsert, kan OD fortelje oss. Med i tala er sjølv sagt Nordsjøen og Norskehavet, men og havområda utanfor Lofoten, Vesterålen, Senja, heile Barentshavet, samt områda rundt Jan Mayen. Utsiktene frå OD omfattar dermed ei rekke område som fortsatt ikkje er opna for olje- og gassverksemd.

I denne kyrkjelyden talar alle i kor.

Sinnrik story-telling

På ublygt vis oppmodar OD til vidareføring av ei stolt oljehistorie. Framstillinga minner stundom om ein brosjyre, og honnrorda kjem tett: «Teknologiske bragder er resultatet av en petroleumsklynge som er fundert på gjensidig tillit og tett samarbeid, med ambisiøse ingeniører og visjonære ledere som har vist stor utholdenhet.»

Ressursrapporten er prega av optimisme, pådriv og lagånd, nærmast som frå ein fotballtrenar. Frå sidelinja kjem OD med muntre tilrop, appellar om innsats, ros og ris. Det gjeld å halde pågangsmotet ved lag, mane til innsats, slik at ein får mest muleg olje opp og ut.

Slik sett er budskapet frå OD godt tilpassa interessene i oljenasjonen Noreg. I denne kyrkjelyden talar alle i kor. OD kan klage seg litt over kortsiktige

Avisen Stavanger Aftenblad skal ha en liberal grunnholdning med vekt på uavhengighet av politiske partier, grupper og særinteresser.

Fra Stavanger Aftenblads vedtektsfestede formål

MENINGER

Drøset

Mono

Han hadde begynt å leva eit liv i mono. Av alt som blei sagt, fekk han bare med seg halvparten. Om det verkeleg stemmer at alle saker har to sider, fekk han bare med seg den eine. Han hadde blitt ein ein-sidig mann.

Han hadde gjort som ho på apoteket sa – og lest bruksanvisinga. Han hadde spruta middelet inn i øyret, lagt seg til i sofaen, sett på tv sidelengs, ikkje høyrte særleg, mens kuren i øyregangane fekk virka. Så hadde han fylt den vesle ballongen med lunka vatn og kjørt runde på runde med spruting. Men han var framleis like døv på høgare øyre. Proppen ville ikkje ut. Ikkje ein gong etter å ha hatt middelet i øyret over natta.

Han gjekk på jobb som vanleg.

Såg munnar røra seg. Høyrde ekkoet av samtalar og beskjedar. Nikka, smilte sikkssakksmilet sitt, smatt inn eit «ja» og eit «ha», sende av garde ein og annan replikk, studerte ansikta på kollegene for å finna ut om han trefte sånn nokolunde. For han visste ikkje. Han var ein mann

stengt inne i sitt eige hovud, ein fisk i eit akvarium, eit vesen som bare fekk med seg ei brumlete mumling frå omverda.

På tysdagsquizen hamna han ytst ved bordet. Han høyrde bare halvparten av spørsmåla, svarte bare halvvegs rett, lo av halvparten av vitsane. Sånn er livet for ein mann i ein boks.

Vel heime fekk han Hu sjølv til å hjelpa han med det både ho på apoteket og sympatiserande kollegaer hadde sagt at han måtte gjera, om alle remedium ikkje hjelpte: Han måtte leggja seg sjølv i olje.

Det var nesten litt koseleg då ho fylte øyrekanalet hans med lunka olivenolje. Han kjende seg med eitt litt marinert.

Han stappa i ein bomullsdott og gjekk til sengs.

Neste morgon var det ut med bomulla, fram med spruteballongen og fullt trykk.

Eureka!

Sidan, då han atter tok fatt på eit liv i stereo, kunne han tenkja tilbake på dagane i mono med ein viss nostalgi. Beatles spelte, trass alt, inn all musiken sin slik. I mono.

Han hadde blitt ein ein-sidig mann.

oljeselskap og for lite vekt på auka utvinning. Men usemja stikk aldri djupt, og over det heile kvilar det noko trygt. Når OD møter sitt publikum, så veit alle kva dei får.

Her ligg og ein av svakheitene i OD sin ressursrapport. Perspektivet er avgrensa til geologi og ingeniørfag. Men alle veit at olje- og gassverksemda blir påverka av ei lang rekke andre forhold.

Kva med oljeprisen?

Til dømes vil olja aldri kome opp om ikkje oljeselskapa kan tene pengar. Dei seinaste åra har me fått ei klar påminning om kva oljeprisen kan ha å seie for investeringar og produksjon på norsk sokkel. I praksis vil ressurspotensialet være eit anna ved 100 dollar oljepris enn ved 50 dollar. Likevel er det lite å lære frå OD om slike samanhengar, ikkje ein gong kva oljepris dei sjølv har føresett i ressursrekneskapen.

Det ein burde undersøkje er korleis ressurspotensialet på norsk sokkel er påverka av oljeprisen og andre økonomiske faktorar, og kva dette har å seie for uvissa rundt utsiktene for norsk olje- og gassverksemd på lengre sikt. Om oljeprisen blir høg, er det mykje som blir lønsamt. Då kan ein jamvel håpe på utbygging av små kompliserte felt med høge kostnader og mindreverdige oljekvalitetar i område utan utbygd infrastruktur.

Om olje- og gassprisane blir låge, er historia ei anna. Færre vil bli freista til å leite, utbyggingar vil bli lagt på is og felt som allereie er i produksjon kan bli stengt ned tidlegare enn planlagt. Alt dette vil medføre at volumet av utvinnbare olje- og gassressursar på norsk sokkel blir indre. Slik stoda er i dag er det ingen instansar i statsapparatet som tek ansvar for denne typen analyser.

Oljeproduksjon og klimapolitikk

Viktiggast er likevel samanhengen mellom olje, gass

og klimaendringar. Om ein skal bremse den globale oppvarminga, så finst det ingen veg utanom ein reduksjon i bruken av fossile brensel. Dermed vil ein vellykka klimapolitikk innebere at produksjonen av olje må ned på verdsbasis. Spørsmålet som står att er kven som skal kutte.

I Noreg kviler oljepolitikken på ein føresetnad om at ei eventuell demping av produksjonen frå vår side vil bli erstatta fullt ut av andre oljeproduserande land.

Nyare forskning kan tyde på at dette ikkje fullt ut er tilfelle. I ei fersk publisering i The Energy Journal finn fem forskarar frå SSB at ein reduksjon i norsk oljeproduksjon med tre fat vil medføre at berre to av dei blir erstatta av andre produsenter.

Fordelinga av klimapolitiske tiltak mellom produksjon og forbruk blir dermed eit spørsmål om kor ein får mest for pengane. Med sær høge kostnader for tiltak retta mot forbruket opnar dette for at Noreg kunne fått meir utleppskutt til ein billegare penge gjennom ei demping av oljeproduksjonen. Spesielt gjeld dette om oljeprisen er låg.

Frå tidlegare forskning har me lært om det grønne paradokset, som inneber at annonsering av strammare klimapolitikk kan medføre ei auke i produksjonen av olje og høgare utslepp av klimagassar. Forklaringa er at oljeproduserande land vil få olja opp og ut i marknaden før klimapolitikken slår beina under marknadsverdien. Slike mekanismar aukar interessa for klimapolitiske tiltak som retter seg mot produksjonen av olje.

Uvissa rundt utsiktene for norsk olje- og gassverksemd er stor, og har mange kjelder. Utvalet i OD sin ressursrapport er avgrensa til undergrunn og teknologi, medan uroa i næringa i dag er tettare knytt til marknad og politikk. Utan analyse og drøfting av korleis utsiktene for norsk sokkel kan bli påverka av oljepris og klimapolitikk, står OD sin ressursrapport i fare for å miste relevans.



Fjell kommune, desember 2016. Rigger i opplag ventar på høgare oljeprisar og fleire oppdrag. FOTO: JON INGEMUNDSEN

Pressens faglige utvalg (PFU) er et klageorgan oppnevnt av Norsk presseforbund. Organet, som har medlemmer fra presseorganisasjonene og fra allmenheten, behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål (trykt presse, radio og fjernsyn).

Aftenbladet betinger seg retten til å publisere i alle Aftenbladets mediekkanaler, herunder å legge stoffet inn i et elektronisk arkiv eller andre databaser som avisen samarbeider med. Unntak fra dette må avtales skriftlig. Publiseringvilkårene gjelder for såvel honorert som ikke honorert stoff.

MER DEBATT
SIDE 29-30

Statoil trenger ikke nytt navn
Ivar Sætre, Stavanger
65 millioner mennesker på flukt
Vårin E. Sinnes, MDG